

Fjordabaatane, org.nr. 997 296 346
ved Formidlingsgruppa

Søknad til Kulturet utviklingsprogram (KUP)
Hordaland Fylkeskommune

Friviljug innsats og offentlige tilskott har dei siste tiåra resultert i en stor flåte av veteranfartøy i Hordaland, frå rutedampskeip til sjøbussar, fiskefartøy, lystfartøy og segljakter.

Samfunnsoppgåva til fartøyvernet er, forutan å ta vare på tekniske kulturminne, å formidle kulturarv og utviklinga av samfunn og levemåte. Slik sett har fartøyvernet mykje av den same oppgåva som musea og alt anna kulturminnevern.

Vår tanke er å knytte fartøyvernet sterkare opp mot offentlege kulturinstitusjonar og utvikle kontakt mellom aktørane i kulturminnevernet i denne oppgåva.
Eit slikt samarbeid vil kunne forankre fartøyvernet i eit breiare nettverk innan kulturminnearbeidet.

Formidlingsgruppa innan Fjordabaatane vil derfor söke midlar til eit pilotprosjekt som kan arbeide fram modellar for samarbeid og samordning innan det maritimt relaterte kulturminnevern mellom dei ulike aktørane.

Vi ønskjer i første omgang eit *forprosjekt* som kan identifisere kva som kan vere mogleg og rammene elles for eit samarbeid. Særleg er det viktig å forankre prosjektet innan kultursektoren i Hordaland fylkeskommune.

Vi ser for oss fleire naturlege aktørar:

- Hordaland fylke / fylkeskonservatoren
- En større museal institusjon med ansvar for maritime kulturminne
- Fjordabatane (som er en paraplyorganisasjon for fartøyvernet i Hordaland)
- Bergen kommune, kulturavdelinga
- Bergen Reiselivslag

Det ville vere ein fordel om organiseringa av prosjektet blir lagt til ein kulturinstitusjon.

Referansegruppe

Det ville dessutan vere nyttig med ei referansegruppe med personar frå fartøyvern, sogelag, musea, kommune og reiseliv.

Vi ber derfor om eit tilskott på kr 250.000 til eit forprosjekt.

Mvh

Dag Bakka jr.